



**Flora kommune**

# **Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll**



**Vedteken i bystyresak 93/16 den 8.11.16**

## Innleiing

Kontrollutvalet er bystyret sin reiskap for kontrollarbeid med heile den kommunale verksemda. Utvalet sine oppgåver kan forenkla delast i tre område:

- Rekneskapsrevisjon
- Forvaltningsrevisjon
- Selskapskontroll

Kommunelova § 76 slår fast at bystyret har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga. I § 77 får kontrollutvalet ansvaret for det løpande tilsynet på bystyret sine vegner. Utvalet rapporterer direkte til bystyret.

SEKOM-sekretariat er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 og er sekretariat for kontrollutvala i 15 kommunar. Sakliste, møtebok og anna aktuell informasjon er tilgjengeleg på sekretariatet sine nettsider: [www.sekom.no](http://www.sekom.no). Møta i kontrollutvalet er opne etter same reglar som andre folkevalde organ.

## Obligatoriske planar

Etter [forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner](#), skal utvalet utarbeide planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Planane vert vedtekne av kommunestyret, og skal vise dei prosjekta som utvalet planegg å gjennomføre i 4-årsperioden.

Dette dokumentet er ein felles plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Siktemålet er å legge gode føringar for kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande valperiode. Utdrag frå forskrifta med krav til planar:

### **§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon**

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.*

*Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.*

.....

### **§ 13. Selskapskontroll**

*Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for*

*gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden*

*Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.*

## Forvaltningsrevisjon

I [kommunelova § 77](#), er forvaltningsrevisjon definert som:

*..systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.*

I [forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv](#), har § 7 meir om innhaldet i forvaltningsrevisjon:

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om*

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) regelverket etterleves,*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.*

## Selskapskontroll

Kommunelova § 77, nr 5:

*Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*

Kommunelova § 80, 1. ledd:

*...I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.*

Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 13, har meir omtale av selskapskontroll:

*Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll).*

*Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.*

Selskapskontroll kan delast i 3 delar:

<b>Selskapskontroll</b> (Kommunelova § 77 nr 5)	<b>Eigarskapskontroll</b> Kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser.	<b>Obligatorisk</b>
	<b>Forvaltningsrevisjon</b> Systematiske vurderingar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader (sjå «Kva er forvaltningsrevisjon?»).	<b>Valfri</b>
	<b>Undersøkingar</b> Kommunelova § 80 gir heimel for at kontrollutvalet og revisor kan gjere undersøkingar.	<b>Valfri</b>

## Prosjektområde

Det er ikkje avgrensingar verken organisatorisk eller elles på kva område i den kommunale drifta som kontrollutvalet kan føre tilsyn med. I arbeidet med prioritering av prosjekt, har sekretariatet utgreia kort om dei områda som kontrollutvalet sjølve valde ut ved handsaming av overordna analyse (sjå saksutgreiinga). Endeleg formulering vert gjort i eiga sak ved formelt val og tinging av prosjektet.

Målsetjinga er gjennomsnittleg eitt revisjonsprosjekt frå denne planen pr år. Med andre ord 4 prosjekt i valperioden. I tillegg til dei prosjekta som vert gjennomført som formell forvaltningsrevisjon etter gjeldande standard, kan kontrollutvalet gjennomføre tilsyn med forvaltninga på fleire andre måtar. Dette kan til dømes vere orienteringar frå rådmannen / andre tilsette, synfaringar, faktaundersøking ved revisjonen, avgrensa revisjonsrapportar med meir.

Vanleg saksgang er at kontrollutvalet vel prosjekt og tingar hjå revisor i same sak. Utgangspunktet er at dette kjem på same møte som førre rapport vert handsama. I dette møtet er forvaltningsrevisor også til stades og ein kan ha direkte dialog. Revisor sin prosjektplan handsamast i neste møte.

## Meir om mogelege prosjekt

### A. Barnevern - internkontroll

Aktuelle problemstillinger:

- System for internkontroll for barnevernet sitt område? Vert desse følgde?
- System og rutinar for bekymringsmeldingar i barnevernet? Vert desse følgde?
- Følgjer kommunen sakshandsamingsreglane for barnevernsaker?
- Vert hjelpetiltak gjennomført i tråd med vedtak?

Stikkord frå kontrollutvalsmøta:

- Tid og fristar? Jf tilsyn i førre periode blant anna med fristbrot.
- Korleis jobbar barnevernet?
- Barneplassing i nære relasjonar. Vert dette vurdert og dokumentert?
- Samhandling mellom kommunen og andre offentlege instansar
- Samordne med Fylkesmannen sine planar.
- Høgt sjukefråvær
- Økonomistyring jf overskriding på ca 4 mill (sjå s 67 i årsmeldinga)

## **B. Barnehagane**

Aktuelle problemstillinger:

- Har kommunen system og rutinar for å sikre kvalitet i barnehagane? Vert desse følgde?
- Sikrar kommunen likebehandling mellom kommunale og private barnehagar med tanke på finansiering, tilsyn, opptak?
- Har kommunen rutinar som sikrar tilsetjingsprosessen, mellom anna politiattest? Vert desse følgde?
- Har kommunen system og rutinar for å fange opp, og følgje opp barn med ekstra behov? Vert desse følgde?

Stikkord frå kontrollutvalsmøta:

- Drift, tilskot til private barnehagar
- Ivaretaking av lover og reglar?
- Bruk av ekstrahjelpar over tid som blir fast tilsette?
- Tilbod til innvandrarbarn, ekstra ressursar?

## **C. Sjukefråværsoppfølging**

Aktuelle problemstillinger:

- Har kommunen rutinar for oppfølging av sjukmelde som er i tråd med lover, reglar og sentrale avtalar? Vert desse følgde?

Stikkord frå kontrollutvalsmøta:

- Fråværsproblematikk
- Oppfølging av lover, reglar og avtalar?
- Arbeidsmiljø for tilsette

- Ressursbruk, oppfølging, refusjonar
- Jf årsmeldinga er det høgast fråvere i helse og omsorg
- Samarbeide med administrasjonsutvalet?

## **D. Læringsmiljø i skulen**

Aktuelle problemstillingar:

- Har kommunen rutinar for oppfølging av saker om psykososialt miljø? Vert desse følgde?
- Etterlever kommunen lover og reglar for sakshandsaming, innhald i vedtak og svarfristar?

Stikkord frå kontrollutvalsmøta:

- Korleis fungerer systema i Flora kommune når det er ei mobbesak?
- Det totale læringsmiljøet

## **E. Selskapskontroll**

Vert ikkje prioritert som prosjekt i planen. Eigarskapsmelding er pr i dag ikkje lagt fram og vedteken av bystyret. Når denne er vedteken, er det aktuelt for kontrollutvalet å tinge mindre undersøkingar og rapportar frå revisor innan selskapskontroll.

Aktuelle problemstillingar:

- Kva typar selskap er kommunen involvert som eigar i?
- Korleis sikrar kommunen at eigarrepresentanten følgjer opp kommunen sine interesser i eigarforum?
- Vurderer kommunen føremål og hensiktsmessigheit ved engasjement i selskap?

Stikkord frå kontrollutvalsmøta:

- Kvifor er det vanskeleg for Flora kommune å drive AS? Jf erfaring med selskap som er avvikla
- Vurderer kommunen føremål og hensiktsmessigheit ved engasjement i selskap? (Eigarskapsstrategi)
- Rådmannen utarbeider eigarskapsstrategi i løpet av hausten (2016)

## **F. Organisering av arbeidet i SIS (Samarbeidsforum i Sunnfjord)?**

Aktuelle problemstillingar:

- Kva formelle vedtak, avtaler eller anna bygger samarbeidsforumet på?
- Kva fullmakter har SIS på vegner av Flora kommune, og korleis vert eventuelt desse følgd opp?

Stikkord frå kontrollutvalsmøta:

- Vedtak som ligg til grunn?
- Mandat, økonomi, vedtekter, administrative ressursar?
- Samarbeid på kysten etter liknande modell?

## **G. Løns- og tilsetjingspolitikk**

Aktuelle problemstillinger:

- Har kommunen prosedyrar ved tilsetjingar som er i tråd med lov- og avtaleverk? Vert desse følgde opp?

Stikkord frå kontrollutvalsmøta:

- Tilsetjing, lønsfastsetjing mm
- Kurs, reiser, vidareutdanning?
- Arbeidsmiljø for tilsette

## **H. Politisk styring på personalområdet**

Aktuelle problemstillinger:

- Er det reell politisk kontroll med stillingsheimlar og lønsfastsetjing?
- Vert avgjerder på personalområdet gjort etter rett delegert mynde?

## **Prioriterte prosjekt**

Følgjande prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert prioriterte i perioden 2016-2019:

- Barnevern – internkontroll (A)
- Barnehagane (B)
- Sjukefråværsoppfølging (C)
- Læringsmiljø i skulen (D)
- Politisk styring på personalområdet (H)

### **Endringar gjennom valperioden**

Gjennom kontrollutvalet sitt løpande arbeid, kan det komme fram tilhøve som gjer at prioriteringa bør endrast, eller det bør gjennomførast prosjekt som ikkje er nemnde. Det kan også komme fram saker eller opplysningar t.d. gjennom media som utvalet finn det naturleg å undersøkje nærare. Kontrollutvalet får difor fullmakt til å gjere endringar eller tillegg i prioriteringa gjennom valperioden.

Kontrollutvalet rapporterer til bystyret både om einskilde prosjekt og samla gjennom årsmelding.

### **Verknadstid**

Planen gjeld frå vedtaksdato til ny plan vert vedteken.

## **Vedlegg til planen**

Følgjande vert lagt til som vedlegg ved vidare handsaming av planen:

- Kontrollutvalet si handsaming med saksutgreiing frå sekretariatet
- Overordna analyse frå revisor

**Framlegg til vedtak:**

1. Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert vedteken med følgjande prosjekt:

- Barnevern - internkontroll (A)
- Barnehagane (B)
- Sjukefråværsoppfølging (C)
- Læringsmiljø i skulen (D)
- Politisk styring på personalområdet (H)

2. Kontrollutvalet får fullmakt til prioritering, og legge til nye prosjekt i perioden.

Terje Heggheim  
Rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Bystyret - 093/16

**BYST - handsaming:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken